

## BRURKRONER I ALVDAL OG FOLLDAL

Av Kirstine Prestmoen Tallerås

Lik dei andre bygdene i Nord-Østerdalens har også Folldal og Alvdal hatt sine eigne brurkroner.

Til brurkroner høyrdet pynt som sløyfer og band, krage og brystduk. Søljer kunne også høyra med.



Frå 100 årsjubileet 1914. Jubileumsopptoget med «brura» Marit Barstad f. 1878 og «brudgommen» Ola P. Sæther f. 1887. Amund Brustugu leier hesten og Marit S. Husom og Anna I. Borkhus er «vetlbrurer».

Foto: A. Brostrup.



Mari Tøftan f. ca. 1920 d. 1909 med brurstas. Kopi etter gamle Folldalsboka.

Det var ikkje så mange brurkroner i kvar bygd. Frå Kvikne er det t.d. nemnd to kroner, frå Alvdal kjenner ein til fire. Brurkroner og brurpynt var ikkje allemannseige. Det var berre på somme gardar det fantest slikt utstyr og på desse gardene var det ei bestemt kvinne som var brurekledar,

brudepyntar. I Alvdalsboka er det nemnd tre slike kvinner. Det er:

1. Marit Olsdtr. Husom (Synner Husom), f. 1819. Ei tid var Marit den vissaste til å pynte brurer. Ho hadde stasen som skulle til, bringesylv og to brurkroner med søljer, den eine mindre enn den andre. Den fekk dei brurene bera som var med barn.
2. Ingeborg Jacobsdtr. Sjulhus (Sjulhushaugen) frå Jordafetten, f. 1814. Ingeborg åtte brurkrone og stas som hørde til. Når jentene skulle for alteret, var ho den vissaste til å pynte dei. Krona er enno på Haugen.
3. Gudlaug Haldosdtr. Eggemoen f. 1835. Åtte også brurstas og krone. Mari Søstuen var pynta med dette da ho sto brur i 1878. Ho var truleg den siste kronebrura i Alvdal. Krona er no komen bort.

Frå Folldal veit me mindre om brurkroner og brukledarar. Me har svært få opplysningar om dette emnet. Førebelts veit me om berre ei som pynta brurer:

Marit Pedersdtr. Borkhus g. Husom (1847-1913). Av brurkroner finst det ingen att, korkje på museum eller i privat eige i bygda. Men me veit om nokre få som har funnest. Krone nr. 1.: På Trøen (84-1) skulle det gammalt ha vore ei brurkrona, fortalte gamle Marit Trøen (1867-1956) i 1952. Krone nr. 2.: Mari Tøftan (fødd i 1820-åra) har teke portrett av seg med ei slags krone på hovudet. Kvar den krona kom frå, veit me ikkje, men ætta til Mari kom frå Deruppe («Rik-Uppin»). Mari var ikkje gift, men ho hadde vore kjend med ein av Evenstad-sønene. Kjennskapet gjekk om inkje. Dette gjekk nok hardt inn på Mari. Ho vart «tufsat» og underleg resten av sitt

liv. Evenstadguten døydde ung og ugift, og Mari rekna seg nok for hans, - og kanskje difor let ho seg avbilda i brurstas. Me har fleire liknande døme på det, t.d. Marie Øien i Oppdal. (Det gamle foto» i Opdalingen).

Krone nr. 3.: Else Gurine Pålsetdr. Lonaseter (1867-1932), ugift, dotter til «Tusen-Pål», åtte ei brurkrone med mange silkeband. Dette var nok den siste krona som fantest i Folldal. Kan det vera den krona som «brura» i jubileumsopptoget i 1914, Marit Barstad, hadde på seg? Per Tøften m.fl. meinte iallefall det. Krona hennar Else vart selt for 30 kroner til Jacob Syversen Dalen (f. 1851) under 1. verdenskrigen. Jacob hadde fløtt til Amerika, men var heimatt i 1914. P.g.a. at krigen braut ut, kom han seg ikkje over att så snart han hadde tenkt seg. Han måtte berre vera i Noreg ei tid, budde hjå syster si, Anne Nistugu Dalen, og dreiv m.a. skogsdrift for Anne. Jacob fór og kjøpte opp gamle ting. Kva han gjorde med tinga, er ikkje kjend, om han selde dei i Noreg eller tok dei med over til Amerika. Krona er iallefall borte, ingen veit meir om hennar skjebne.

Er det nokon som har fleire opplysningar vedr. brurkroner og brurstas frå Alvdal eller Folldal, vil me gjerne få vita det.



Dette er ei ukjent brur, er det noen som kan gi opplysninger? Bildet er kommet inn under fotoregistrering i Folldal.